

## KOMMUNAL ENØK

Gjennom en rekke produkter tilbyr vi  
å hjelpe kommuner med  
energiøkonomisk  
effektiviseringstiltak til en  
økonomisk forsvarlig pris.



Dagleg leiar- Bjørn Tennø  
TVERRFAGLEG ENERGIRÅDGIVER /  
ELEKTROINSTALLATØR

## VASSDRAGET AS

Eit selskap etablert i 2015 med kontor i Skodje kommune. Selskapet tilbyr grundige analyser, kompetent rådgivning og profesjonelt utført arbeid innafor sitt område.

## ENERGISPARING

Der er tilgjengeleg mykje erfaringstal rundt energisparing. Både EOS og SD-anlegg har forventa besparelsar på 20-30% med litt investeringar. Vi hjelper og til med søknadar til ENOVA for å få søttet til fleire av tiltaka som er nemd i denne brosjyra.

## KVIFOR VASSDRAGET

Vassdraget er eit lite lokalt firma som ønsker tett samarbeid med sine kundar. Dette gir deg som kunde viktig oppfølging og ein engasjert leverandør. Vassdraget tilbyr enkle og effektive løysingar som gir rask energisparing, i motsetning til EPC-kontraktar som vil gi kommunen innsparingar først mange år fram i tid.

## ENØK i bygningsmasse

Dette er vår mest omfattande analyse der vi tilbyr ei komplett analyse av bygningsmassa inklusive dei tekniske anlegga. Denne analysa vil gi deg ei tiltaksliste på både klimaskall og teknisk installasjon. Den vil også gi deg eit energimerka bygg.

## ENØK i tekniske anlegg

Dette er ei analyse av dei tekniske anlegga i bygget, vi analyserer system, komponentar og val av løysing. Tiltakslista som vi får av dette er erfaringsmessig dei rimelegaste tiltaka med lavast tilbakebetalingstid. Det er også erfaringsmessig i denne analysa vi tek dei største reelle energitjuvane til bygget.

Om ein på sikt ønsker ei komplett analyse og eit energimerke kan det være lurt å begynne med denne analysa for å raskt kome i gang med energisparing. Så kjøpar ein til den meir omfattande analysa etter kvart.

## Energimerking

Vi tilbyr energimerking av bygningsmasse og registrering av denne i det statlege registeret. Dette er eit krav for alle næringsbedrifter over 1000m<sup>2</sup>.

## EOS og sentraldriftskontroll

Vi tilbyr å gjennomføre energioppfølginga til dei kommunale bygga i tillegg til å overvake bygningsmassa gjennom sentral driftskontroll. Dette er eit energibesparande tiltak som tener seg raskt inn igjen og er å anbefale for alle kommunar.

Vassdraget har tverrfagleg kompetanse innanfor energirådgjeving, og denne kompetansen er avgjerande for at kommunen skal kunne hente mest mogleg ut av sitt energispareprogram.

## EOS

Nokre av dei kommunale bygga vil være for små til at det er fornuftig i installere eit sentralt driftskontroll anlegg. For desse bygga tilbyr vi kun EOS overvaking for å sjå til at forbruket held seg innanfor forventa forbruk.

## Elektrisk internkontroll

Vi tilbyr og å gjennomføre internkontroll på dei elektriske anlegga ved faste mellomrom. Her leverer vi rapporten på ein nettportal slik det er enkelt for kunde å følgje opp bygga sine.

## Inneklima

Vi tilbyr måling av inneklima og leverer rapport etter avslutta måleperiode der vi viser resultata innanfor måling av fukt, CO<sub>2</sub>, støy og temperatur.

## ITB-ansvarleg

Vi tilbyr kommunar ITB-ansvarlig etter NS3935:2011 for å hjelpe byggherre å følgje opp bygget og ivareta kommunen sine interesser. Dagens bygg har blitt så avanserte med så mykje teknisk utstyr at det er behov for denne type rolle under bygging i dag. Det er viktig at denne rolla er med like tidleg som arkitekten er med for å sikre at byggherren sin spesifikasjon har spesifisert dei krava ein skal ha for å ivareta byggherren sine interesser og få eit bygg som fungera optimalt.

## Fleksibilitet

Produkta vi nemner i denne brosjyra er alle mulig å spesialtilpasse til din bygningsmasse.

Ta kontakt for ein uforpliktande samtale med meir utfyllande informasjon om produkta.



**VASSDRAGET AS**

Mob. 924 33 018  
bjorn@vassdraget.no  
www.vassdraget.no